



## Møteprotokoll Kommunestyret

**Møtedato:** 26.10.2023  
**Møtestad:** Austrheim samfunnshus  
**Møtetid:** 18:00 - 21:20

Konstituering av nytt kommunestyre

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Morten Sognnes	H	Ordførar
Per Lerøy	AP	Varaordførar
Aslak André Bakke	H	Medlem
Kristoffer Myklebusthaug	H	Medlem
Oskar Nordgard	H	Medlem
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Terje Håland	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Anette Kaland	AP	Medlem
Frank Erik Øksnes	INP	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Gro Kaland	SP	Medlem
Renee Hansen Semmingsen	SL	Medlem
Ingeborg Lohne Hordvik	SL	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Hege Ramsland	H

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle
Odd-Marthin Totland	H	Varamedlem

### Desse møtte frå administrasjonen:

Asbjørn Nagell Toft, Bjarte Rosenlund, Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Odd Harald Dommersnes

Austrheim 26. oktober 2023

Per Lerøy/Morten Sognnes  
ordførar (bytte i møtet)

Ketil Tjore  
møtesekretær

## Sakliste

Saknr	Tittel
081/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
082/23	Godkjenning av møteprotokoll
083/23	Godkjenning av kommunestyrevalet 2023
084/23	Val av formannskap 2023-2027
085/23	Val av ordfører 2023-2027
086/23	Val av varaordfører 2023-2027
087/23	Val av kontrollutval for perioden 2023-2027
088/23	Val av levekårsutval for perioden 2023-2027
089/23	Meldingar
090/23	Orienteringssak
091/23	Oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram for Austrheim kommune
092/23	Godkjenning av Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland planid. 2021003
093/23	Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune
094/23	Oppretting av eit rådgjevande organ for Austrheim Frivilligsentral
095/23	Endring av organisasjonsstruktur og ansvar i økonomisystemet
096/23	Tertialrapport andre kvartal 2023
097/23	Oppstart arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune
098/23	Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur no! - 2023-2027
099/23	Val av politisk representant til Kommunal kriseleing (KKL) - 2023-2027
100/23	Val av representant i Regionrådet - 2023-2027
101/23	Val av representant til møte i Bergensalliansen - 2023-2027
102/23	Val av utsending til fylkesårsmøte i KS - 2023-2027
103/23	Val av utsending til Landstinget til Nynorsk kommunane/LNK - 2023-2027
104/23	Val til representantskapet Bergen Havn AS - 2023-2027
105/23	Val til representantskapet i Eviny (tidlegare BKK) - 2023-2027
106/23	Val til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS - 2023-2027
107/23	Val til representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS - 2023-2027
108/23	Val til representantskapet Region Nordhordland IKS - 2023-2027
109/23	Val av valutval



## **081/23: Godkjenning av innkalling og saksliste**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Renee Semmingsen (Samlingslista) spurte om utsending av innkalling, om det er 8 eller 7 dagar som er fristen.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det er sju dagar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 081/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent

---

## **082/23: Godkjenning av møteprotokoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 082/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

---

## **083/23: Godkjenning av kommunestyrevalet 2023**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret godkjenner kommunestyrevalet 2023.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) viste til at ein vararepresentant for Sp har flytta etter valet, og ba om ei sak om suppleringsval på kommunestyremøtet i desember. Dette fekk støtte i kommunestyret. Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 083/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret godkjenner kommunestyrevalet 2023.

---

**084/23: Val av formannskap 2023-2027****Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Framlegg til medlemmer og varamedlemmer til formannskapet vert lagt fram i møtet.

Faste medlemmer	Varaliste
Arbeidarpartiet, Høgre og INP	Vara for Arbeidarpartiet, Høgre og INP
1. Morten Sognnes H	1. Frank Erik Øksnes INP
2. Per Lerøy Ap	2. Terje Håland Ap
3. Hege Ramsland H	3. Aslak André Bakke H
4. Ann Kristin Leirvåg Ap	4. Monika Thorpe Ap
	5. Kristoffer Myklebusthaug H
	6. Anette Kaland Ap
Senterpartiet og Samlingslista	Vara for Senterpartiet og Samlingslista
5. Bjørn Inge Dyrkolbotn Sp	1. Reidar Øksnes Sp
	2. Gro Kaland Sp
	3. Renée Semmingsen SL

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Avtaleval på formannskap foreslått av:

Faste medlemmer	Varaliste
-----------------	-----------

Arbeidarpartiet, Høgre og INP		Vara for Arbeidarpartiet, Høgre og INP
1. Morten Sognnes	H	1. Frank Erik Øksnes INP
2. Per Lerøy	Ap	2. Terje Håland Ap
3. Hege Ramsland	H	3. Aslak André Bakke H
4. Ann Kristin Leirvåg	Ap	4. Monika Thorpe Ap
		5. Kristoffer Myklebusthaug H
		6. Anette Kaland Ap
Senterpartiet og Samlingslista		Vara for Senterpartiet og Samlingslista
5. Bjørn Inge Dyrkolbotn	Sp	1. Reidar Øksnes Sp
		2. Gro Kaland Sp
		3. Renée Semmingsen SL

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak, som felles framlegg frå alle partia. Før vedtaket av formannskapet vart det vedteke at valet skulle gjennomførast som avtaleval.

Handsaming i kommunestyret:

Framlegget om formannskap, som avtaleval og med denne samansetnaden (over) sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **KS - 084/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Faste medlemmer		Varaliste
Arbeidarpartiet, Høgre og INP		Vara for Arbeidarpartiet, Høgre og INP
1. Morten Sognnes	H	1. Frank Erik Øksnes INP
2. Per Lerøy	Ap	2. Terje Håland Ap
3. Hege Ramsland	H	3. Aslak André Bakke H
4. Ann Kristin Leirvåg	Ap	4. Monika Thorpe Ap
		5. Kristoffer Myklebusthaug H
		6. Anette Kaland Ap
Senterpartiet og Samlingslista		Vara for Senterpartiet og Samlingslista
5. Bjørn Inge Dyrkolbotn	Sp	1. Reidar Øksnes Sp
		2. Gro Kaland Sp
		3. Renée Semmingsen SL

#### **085/23: Val av ordførar 2023-2027**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Framlegg til ordførar for perioden 2023 – 2027 blir lagt fram i møtet.

Morten Sognnes vert valt som ordførar i Austrheim for perioden 2023-2027.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Morten Sognnes som ordfører foreslått av: Aslak André Bakke

Morten Sognnes vert valt som ordfører i Austrheim for perioden 2023-2027.

Aslak Andre Bakke føreslo Morten Sognnes vert valt som ordfører i Austrheim for perioden 2023-2027.

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Sams om Morten Sognnes som ordfører i Austrheim for perioden 2023-2027.

### **KS - 085/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Morten Sognnes vert valt som ordfører i Austrheim for perioden 2023-2027.

---

### **086/23: Val av varaordfører 2023-2027**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Framlegg til varaordfører for perioden 2023 – 2027 blir lagt fram i møtet.

Per Lerøy som varaordfører for perioden 2023-2027.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn som varaordfører for perioden 2023-2027.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Per Lerøy som varaordfører foreslått av: Monika Thorpe

Per Lerøy som varaordfører for perioden 2023-2027.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn som varaordfører foreslått av: Reidar Øksnes

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn som varaordfører for perioden 2023-2027.

Til denne saka hadde Morten Sognnes teke over som ordfører.

Dei to framlegga til varaordfører vart sette opp mot kvarandre.

Handsaming i kommunestyret.

Per Lerøy vedteken som varaordfører med 12 røyster (Ap, H og INP) mot 5 røyster for Bjørn Inge

Håland Dyrkolbotn (Sp og SL).

**KS - 086/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Per Lerøy som varaordfører for perioden 2023-2027.

---

**087/23: Val av kontrollutval for perioden 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Framlegg til medlemmer i kontrollutvalet for perioden 2023-2027 blir lagt fram i kommunestyremøtet.

Fast representant	Vararepresentant, som er personleg vara
Jan Erik Espelid (SL) (leiar)	Tore Svendsen (SL)
Britt M. Skålevik Lerøy (Ap)	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)
Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Gunn Håland Dyrkolbotn (Sp)
Oskar Nordgard (H)	Stig Anders Totland (H)

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Felles framlegg til kontrollutval foreslått av:

Fast representant	Vararepresentant, som er personleg vara
Jan Erik Espelid (SL) (leiar)	Tore Svendsen (SL)
Britt M. Skålevik Lerøy (Ap)	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)
Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Gunn Håland Dyrkolbotn (Sp)
Oskar Nordgard (H)	Stig Anders Totland (H)

Det var litt diskusjon kring gildskap. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til kommunelova, og konkluderte med at ingen var ugilde i samband med saka.

Framlegget til medlemmer vart justert noko i møtet.

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Felles framlegg til kontrollutval vart samrøystes vedteke

**KS - 087/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Fast representant	Vararepresentant, som er personleg vara
Jan Erik Espelid (SL) (leiar)	Tore Svendsen (SL)
Britt M. Skålevik Lerøy (Ap)	Kristian Semmingsen Lerøy (Ap)
Therese Vik (INP)	Kari Anne Fadnes (INP)
Joakim Haglund (Sp)	Gunn Håland Dyrkolbotn (Sp)



Oskar Nordgard (H)

Stig Anders Totland (H)

---

## 088/23: Val av levekårsutval for perioden 2023-2027

### Kommunedirektøren sitt framlegg:

Framlegg til medlemmer i levekårsutvalet for perioden 2023-2027 blir lagt fram i kommunestyremøtet.

<b>Fast representant</b>	<b>Vararepresentant etter felles liste</b>
Terje Håland (Ap) <i>Leiar</i>	1 Per Lerøy (Ap)
Lisbeth Oen (INP)	2. Hege Bergsvik Sætre (Ap)
Linda Brandtun	3. Oscar Føyen (H)
Inger Lise Brekke (H)	4. Ingeborg Lohne Hordvik (SL)
Bjarte Næss (Sp)	5. Lise Renate Helle (Sp)
Renée Semmingsen (SL)	6. Randi Dyrøy
Helge Dyrkolbotn	7. Rikke Heldal Hope (H)

### 26.10.2023 KOMMUNESTYRET

Felles framlegg til levekårsutval foreslått av:

<b>Fast representant</b>	<b>Vararepresentant etter felles liste</b>
Terje Håland (Ap) <i>Leiar</i>	1 Per Lerøy (Ap)
Lisbeth Oen (INP)	2. Hege Bergsvik Sætre (Ap)
Linda Brandtun	3. Oscar Føyen (H)
Inger Lise Brekke (H)	4. Ingeborg Lohne Hordvik (SL)
Bjarte Næss (Sp)	5. Lise Renate Helle (Sp)
Renée Semmingsen (SL)	6. Randi Dyrøy
Helge Dyrkolbotn	7. Rikke Heldal Hope (H)

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Felles framlegg til kontrollutval vart samrøystes vedteke

**KS - 088/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

<b>Fast representant</b>	<b>Vararepresentant etter felles liste</b>
Terje Håland (Ap) <i>Leiar</i>	1 Per Lerøy (Ap)
Lisbeth Oen (INP)	2. Hege Bergsvik Sætre (Ap)
Linda Brandtun	3. Oscar Føyen (H)
Inger Lise Brekke (H)	4. Ingeborg Lohne Hordvik (SL)
Bjarte Næss (Sp)	5. Lise Renate Helle (Sp)
Renée Semmingsen (SL)	6. Randi Dyrøy
Helge Dyrkolbotn	7. Rikke Heldal Hope (H)

---

**089/23: Meldingar**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 089/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Meldingane vert tekne til orientering

---

**090/23: Orienteringssak**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om prosessen for arbeidet med budsjett 2024 og

handlings- og økonomiplan 2024-27, og om folkevaldopplæringa 9. og 10. oktober.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 090/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Orienteringane vert teke til vitande.

---

**091/23: Oppstart av kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogram for Austrheim kommune**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune startar opp arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogrammet til denne planen. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-2, 11-12 og 11-13. Høyringsperioden vert sett til 15. desember 2023.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 091/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune startar opp arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og planprogrammet til denne planen. Grunngevinga er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova sin § 11-2, 11-12 og 11-13. Høyringsperioden vert sett til 15. desember 2023.

---

**092/23: Godkjenning av Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland planid. 2021003**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Austrheim kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er datert den 03.10.2023. Grunngevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15.

Pkt. 1:

Framlegget om ny lokalitet Senoksen vert teke ut av planen på grunn av svært høgt konfliktnivå. I konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak vert lokaliteten ikkje tilrådd.

Lokaliteten legg beslag på eit enormt areal (nær 900 dekar inkl. ankerfeste), opnar for sterk auke i biomasse i området og vil føra til auka belastning på sjøbotn med sannsynlege tareskogar og anna naturmangfald av stor verdi som er mangelfullt kartlagd, m.a. kamskjelførekomstar og skjelsand. Avstanden til oppdrettsanlegget i Trøvika er på 1,6 km, langt under Mattilsynet si tilrådde grense på 5 km. Tiltaks- og influensområdet er nytta til fiske med garn, line og teiner. Området er dessutan eit ynda naturområde for padling og annan friluftaktivitet knytt til friluftsområda i Øyane med mellom anna Turlaget si kysthytte i Rongevær og Bergen og omland friluftsråd sine friområde på Øksneset og på Sauøyna. Store delar av dette sjøområdet med skjergard vart i 1993 vurdert som nasjonalpark i Ny landsplan for nasjonalparkar.

Pkt. 2:

Hamn i Øksnesmarka vert teke ut av planen på grunn av høgt konfliktnivå med naturmiljø på land, friluftsliv og negative konsekvensar for marint naturmangfald.

Pkt. 3:

Framlegget om endring av lokaliteten Øksneset vil i følgje konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak bandleggja 20-25 % av rekefeltet i Åråsvågen. Kommunestyret tek difor framlegget ut av planen.

Pkt. 4:

Framlegget om skjelsandutvinning ved Lyngoksen vert teke ut av planen.

I konsekvensutgreiinga til Asplan Viak kjem Lyngoksen ut med raudt og lokaliteten vert ikkje tilrådd. Det skuldast først og fremst risiko for skade på naturmangfald, men også negative konsekvensar for kulturminne og friluftsliv. Dessutan er det fleire kaste- og låssettingsplassar i området.

## 26.10.2023 KOMMUNESTYRET

Godkjenning av Interkommunal plan for sjøområde i Nordhordland foreslått av: Ingeborg Lohne Hordvik

Pkt. 1:

Framlegget om ny lokalitet Senoksen vert teke ut av planen på grunn av svært høgt konfliktnivå. I konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak vert lokaliteten ikkje tilrådd.

Lokaliteten legg beslag på eit enormt areal (nær 900 dekar inkl. ankerfeste), opnar for sterk auke i biomasse i området og vil føra til auka belastning på sjøbotn med sannsynlege tareskogar og anna naturmangfald av stor verdi som er mangelfullt kartlagd, m.a. kamskjelførekomstar og skjelsand. Avstanden til oppdrettsanlegget i Trøvika er på 1,6 km, langt under Mattilsynet si tilrådde grense på 5 km. Tiltaks- og influensområdet er nytta til fiske med garn, line og teiner. Området er dessutan eit ynda naturområde for padling og annan friluftaktivitet knytt til friluftsområda i Øyane med mellom anna Turlaget si kysthytte i Rongevær og Bergen og omland friluftsråd sine friområde på Øksneset og på Sauøyna. Store delar av dette sjøområdet med skjergard vart i 1993 vurdert som nasjonalpark i Ny landsplan for nasjonalparkar.

Pkt. 2:

Hamn i Øksnesmarka vert teke ut av planen på grunn av høgt konfliktnivå med naturmiljø på land, friluftsliv og negative konsekvensar for marint naturmangfald.

Pkt. 3:

Framlegget om endring av lokaliteten Øksneset vil i følgje konsekvensutgreiinga frå Asplan Viak bandleggja 20-25 % av rekefeltet i Åråsvågen. Kommunestyret tek difor framlegget ut av planen.

Pkt. 4:

Framlegget om skjelsandutvinning ved Lyngoksen vert teke ut av planen.

I konsekvensutgreiinga til Asplan Viak kjem Lyngoksen ut med raudt og lokaliteten vert ikkje tilrådd. Det skuldast først og fremst risiko for skade på naturmangfald, men også negative konsekvensar for

kulturminne og friluftsliv. Dessutan er det fleire kaste- og låssettingsplassar i området.

Renee Semmingsen (Samlingslista) ba om at saka vart utsett. Semmingsen sa vidare at ho ikkje kunne sjå at dei siste endringane er handsama i formannskapet, og ønskte å ta dette opp i eit medlemsmøte i partiet.

Det vart røysta over utsetjingsframlegget:

Det vart nedstemt med tolv (H, Ap og INP) mot 5 (Sp og SL).

Reidar Ulvøy (Ap) spurte om korleis planen skal handsamast i Austrheim, når det er ein interkommunal plan. Her svarta Asbjørn Toft at kvar kommune vedtek planen for sin eigen kommune, for det som gjeld eigen kommune. Det er åtte kommunar som samarbeider om planen. Ei motsegn som står att, det er for Fedje kommune. Det interkommunale planutvalet er sett saman av ordførarane frå kommunen, desse har styrt prosessen politisk og tilrår den i alle åtte kommunane.

Reidar Øksnes (Sp) ba om at kartet vart forklart, kva skraveringane og andre innteikningar betyr.

Einingsleiar Asbjørn Toft orienterte om planen, jamfør saksutgreiinga.

Reidar Ulvøy (Ap) sa at det har vore ein god prosess. Nøgd med at to oppdrettslokalitetar vert samla til ein, og at denne er flytta lengre ut i ope hav.

Ingeborg Lohne Hordvik (SL) refererte partiet sitt eige framlegg til vedtak.

Det vart bedt om gruppemøte, og kommunestyret tok pause for det.

Reidar Øksnes (Sp) spurte om lokalitetane for fiskeoppdrett ved Senoksen og Lyngoksen har vore handsama med tilråding frå formannskapet som arealplanutval. Svaret var at det ikkje var noko tilråding

Handsaming i kommunestyret:

Det vart røysta over Samlingslista sitt framlegg, punkt for punkt.

Pkt. 1: Dette fall med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

Pkt. 2: Dette fall med 13 (Ap, H, INP og Gro Kaland i SP) mot 4 (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn og Reidar Øksnes frå Sp, og Samlingslista sine to representantar)

Pkt. 3: Dette fall med 13 (Ap, H, INP og Gro Kaland i SP) mot 4 (Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn og Reidar Øksnes frå Sp, og Samlingslista sine to representantar)

Pkt. 4: Dette fall med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart vedteke med 15 (Ap, H, INP og SP) mot 2 (SL)

### **KS - 092/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Austrheim kommune godkjenner Interkommunal plan for sjøareal i Region Nordhordland, planid 2021003. Oppdaterte plandokument som planskildring, plankart, føresegner, konsekvensutgreiing og kunnskapsgrunnlag er datert den 03.10.2023. Grunngevinga for vedtaket er vist i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova §§ 9-3 og 11-15.

---

### **093/23: Godkjenning av Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ikornsåta, planid. 2021002 - Austrheim kommune**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Områdeplan for bustadområde B36 på Kaland og Fønnes og friområdet ved Ekornsåta, planid. 2021002 vert godkjent. Planomtale er datert den 16.10.2023 og plankart, illustrasjonsplan og føresegner er datert den 26.10. 2023. Grunngevinga for vedtaket er gjeve i saksutgreiinga. Vedtaket er heimla i plan -og bygningslova § 12-12.

Partiene H, AP, og INP fremmer forslag om utsetting av denne saken, inntil det er gjennomført møte for gjennomgang og innspill til planen, mellom ABO, Kommunen og Grunneigerene.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Utsetjingsforslag av sak foreslått av: Aslak André Bakke

Partiene H, AP, og INP fremmer forslag om utsetting av denne saken, inntil det er gjennomført møte for gjennomgang og innspill til planen, mellom ABO, Kommunen og Grunneigerene.

Ordfører Morten Sognnes (H) sa seg ugild, og varaordfører Per Lerøy (Ap) tok over i denne saka.

Aslak Bakke (H) la fram utsetjingsframlegget.

Handsaming i kommunestyret

Utsetjingsframlegget vedteke med 16 røyster (Morten Sognnes ugild, og røysta ikkje)

### **KS - 093/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Partiene H, AP, og INP fremmer forslag om utsetting av denne saken, inntil det er gjennomført møte for gjennomgang og innspill til planen, mellom ABO, Kommunen og Grunneigerene.

---

## **094/23: Oppretting av eit rådgjevande organ for Austrheim Frivilligsentral**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Levekårsutvalet blir rådgjevande organ for Frivilligsentralen i Austrheim.

## **05.10.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

- Har noko eigne tilskotsmidlar direkte til Frivilligsentral.
- Er no inndelt i eige budsjettområde, jamfør sak 088/23 om "Endring av organisasjonsstruktur og ansvar i økonomisystemet"

Inger-Lise Brekke (H) spurte om ein har sikra at frivilligheten er representert i dette rådgjevande organet, slik det ligg i føringane frå Staten. Kommunedirektør Fjellhaug viste til at det er sagt frå kommunestyret at levekårsutvalet skal rekrutterast breitt, men at det ikkje ligg noko føring på at Frivilligsentralen skal ha eigen plass i levekårsutvalet.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at frivilligheten er betre representert om det er levekårsutvalet som er rådgjevande organ for Frivilligsentralen, enn om det er formannskapet.

Ordfører Per Lerøy (Ap) viste til at formannskapet har vore styre for Frivilligsentralen, men ikkje er det i dag.

Ordfører Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 089/23 - 05.10.2023 - Vedtak:**

Levekårsutvalet blir rådgjevande organ for Frivilligsentralen i Austrheim.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet si tilråding til vedtak.

**KS - 094/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Levekårsutvalet blir rådgjevande organ for Frivilligsentralen i Austrheim.

---

**095/23: Endring av organisasjonsstruktur og ansvar i økonomisystemet**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

**05.10.2023 FORMANNSKAPET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Per Lerøy refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**FS - 088/23 - 05.10.2023 - Vedtak:**

Formannskapet tilrår:

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.  
Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for formannskapet si tilråding til vedtak.

### **KS - 095/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

1. Kommunestyret vedtek dei endringar i ansvarsområde og tenestene som gjort greie for i saka.
2. Kommunestyret godkjenner at rammene vert overført i tråd med ansvarsområda og disponeringane.

---

## **096/23: Tertialrapport andre kvartal 2023**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

1. Kommunestyret tek tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar skatteanslaget.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering ved at 1,0 millionar vert flytta frå VA investeringar til innkjøp av møblar til Kaland skule slik at den samla ramma for innkjøp av møblar vert 1,5 millionar.
4. Kommunestyret godkjenner at 450 000,- kroner som vart avsett til kulturminneforvaltning i investeringsbudsjett for 2023, vert omdisponert til trafikktryggleikstiltak ved Austrheimhallen og til oppgradering av kommunal veg på Søre Njøta.

## **05.10.2023 FORMANNSKAPET**

Økonomi- og HR-sjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.  
Tertialrapporten vart vist slik den ligg Framsikt, [2.tertialrapport Austrheim kommune 2023](#)

- Formannskapet er kommunen sitt finansutval.
- Det vart særleg gått gjennom rentenivået på dei ulike låna, og kva konsekvensar det får for kommuneøkonomien om rentenivået går noko opp framover.
- Budsjettjusteringa er for haust 2023, her står det haust 2024 i saksutgreiinga, dette skal rettast.
- Behov for noko meir midlar til busetting av flyktningar.
- Legevakt er noko dyrare enn budsjettert.
- Kommunale gebyr er underbudsjettert.
- Vil justera opp 1 500 000 kroner, dette er finansiert av auka skatteinntekter.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er viktig at kommunen har ein så sunn driftsøkonomi at ein toler å ha flytande rente og flytande straumpris, for det vil over tid vera rimelegare enn å låsa seg til faste prisar.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det er overraskande at det berre er ein leverandør som har levert pris på møblar til Kaland. Lerøy sa vidare at det er brukt så mykje midlar på skule at det no er rett å bruka nok til å få det skikkeleg, men det er overraskande at det berre er ein tilbydar.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) spurte kvifor det er tre gongar dyrare møblar til Kaland, enn det som vart brukt på møblar til Årås. Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om kva som er lagt inn i bestillinga.



Dommersnes svara at det er gått ut til fleire tilbydarar, men for kva som var innhaldet i bestillinga må andre svara. Kommunedirektør Fjellhaug svara at det er sett på ulike kvalitetar, gode kvalitetar kostar meir, samstundes er det lagt inn noko til solskjerming/gardiner, og det betyr at ikkje alt dette skal brukast på møblar. Har sett på tilstanden på Årås også, og vil rusta opp inventaret på Årås der dette er dårleg.

Inger-Lise Brekke (H) sa at ein må sjå på ressursbruken, ein million kroner er mykje midlar, som kan brukast andre stader som til miljøterapeut eller anna. Har vore sagt tidlegare at ein må halda seg innanfor budsjettet.

Morten Sognnes (H) sa at det kan vera store prisforskjellar på ganske like kvalitetar, kan vera eit stort prisspenn på ganske like produkt.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at han hadde oppfatta at det låg midlar i prosjektet til dette, overraska av at det er bruk for meir midlar no.

Inger-Lise Brekke (H) spurte om kva handlingsrom ein har til å handla andre stader, Odd Harald Dommersnes svara at det er styrt av lov om offentlege anskaffingar når ein har hatt anbodet ute.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa om asfaltering at det er strekket på Søre Njøta som står att som verst no, der er asfalten praktisk tala vekke, men skulebussen kjører der dagleg. Ein anna stad er asfalt på gangvegen mellom Årås skule og ned mot den nye gangvegen ved Nordliheimen. Det er utarbeidd ei liste over kva som bør gjerast, NCC har gitt pris, og så jobbar ein med asfaltering frå toppen av lista så lenge det er midlar.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om trafikksikring Austrheimhallen, her svara kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug at det er trafikksikringsutfordringar med kjøring forbi Ungdommens Hus. Bommen er låst med kjetting no, vert jobba med ei meir permanent løysing i tråd med den planen som er laga tidlegare.

Om same sak sa Per Lerøy (Ap) at det no blir kjørt med bil på baksida av hallen, det er utfordrande for trafikksikringa. Lerøy viste til at med ein bom styrt med kort må alle stoppa, og det reduserer farten også. Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta dette.

Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn (Sp) sa at det bør vera ope oppe ved ballbingen, heller enn nede ved Ungdommens Hus, kommunedirektør Fjellhaug svara at det er det som er tenkt.

Ordførar Per Lerøy (Ap) refererte vedtaket.

Handsaming i formannskapet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **FS - 090/23 - 05.10.2023 - Vedtak:**

Formannskapet si tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret tek tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar skatteanslaget.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering ved at 1,0 millionar vert flytta frå VA investeringar til innkjøp av møblar til Kaland skule slik at den samla ramma for innkjøp av møblar vert 1,5 millionar.
4. Kommunestyret godkjenner at 450 000,- kroner som vart avsett til kulturminneforvaltning i investeringsbudsjett for 2023, vert omdisponert til trafikktryggleikstiltak ved Austrheimhallen og til oppgradering av kommunal veg på Søre Njøta.

### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga. Kommunestyret fekk ei orientering om finansrapport og gjeldsrapport.

Reidar Øksnes stilte spørsmål ved auken i kostnaden til møblar på Kaland skule.

Renee Semmingsen spurte også om møblar, og spurte om ikkje møblar til Kaland kan handlast av same leverandør som på Årås. Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at dette har vore på anbod, og ein må nytta den som svara på anbodet.

Terje Håland (Ap) takka for at det vart nytta midlar til trafikksikring ved Austrheimhallen.

Aslak Andre Bakke (H) ba om tal på nærvær og sjukefråvær knytt opp til økonomirapporteringa. Her svara kommunedirektøren at dette vil bli betre i ny ordning frå 2024. Tidlegare rapportering har vore for detaljert.

Sjukefråværet samla sett for kommunen har gått ned, og er no under 10 prosent.

Reidar Ulvøy (Ap) etterlyste avviksrapportering som ein skal ha, kommunedirektøren svara at det kjem på neste møte.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet si tilråding til vedtak.

#### **KS - 096/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

1. Kommunestyret tek tertialrapporten og finansrapporten for andre tertial til vitande.
2. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på drift med ei auka kostnadsramme på 1,5 millionar kroner. Dei auka kostnadane blir dekkja gjennom at ein aukar skatteanslaget.
3. Kommunestyret godkjenner kommunedirektøren sitt framlegg til budsjettjusteringar på investering ved at 1,0 millionar vert flytta frå VA investeringar til innkjøp av møblar til Kaland skule slik at den samla ramma for innkjøp av møblar vert 1,5 millionar.
4. Kommunestyret godkjenner at 450 000,- kroner som vart avsett til kulturminneforvaltning i investeringsbudsjett for 2023, vert omdisponert til trafikksikkerheitstiltak ved Austrheimhallen og til oppgradering av kommunal veg på Søre Njøta.

---

#### **097/23: Oppstart arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune**

##### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

*Administrasjonsutvalet tilrår at kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.*

#### **05.10.2023 ADMINISTRASJONSUTVAL**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Monika Soltveit Gabrielli (HTV Utdanningsforbundet) sa at kommunen har ein aktiv rekrutteringspolitikk, men ikkje er like aktive på å ta vare på dei tilsette ein har. Viktig å starta med dette, og bra å ta både rekruttering av nye og ivaretaking av dagens tilsette samstundes.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at det framover vert viktig å ta godt vare på dei tilsette ein har.

Anette Kaland (HTV Fagforbundet) sa at det er viktig å kommunisera ut via infotavlene, og ikkje berre på Intranett. Må jobba meir med informasjon og kommunikasjon for å sikra at alle har fått det med seg.

Helge Dyrkolbotn (KrF) oppfordra til å jobba godt med å få ut informasjon om dette arbeidet.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at dette med informasjon og kommunikasjon er utfordrande, og viste til at det også kan vera behov for skriftleg utsending der ein må kvittera på at ein har både lese og forstått informasjonen.

HR-rådgjevar Wenche Myrmel sa at det er mogleg å senda informasjon ut elektronisk der ein må gje lesekvittering.

Inger-Lise Brekke (H) sa at det er viktig med informasjon, for å unngå at det etablerer seg alternative tolkingar. Viktig med stoppunkt der ein forsikrar seg at dei tilsette har fått med seg informasjonen som er gitt.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug svara at det skal jobbast med informasjon/kommunikasjon, skal følgja opp at informasjonen vert fanga opp og forstått.

Anette Kaland (HTV Fagforbundet) oppfordra til å bruka informasjonstavlene for å få merksemd frå dei tilsette. Kaland fekk støtte av Monika Soltveit Gabrielli (HTV Utdanningsforbundet), som viste til at det kan vera mykje å ta inn, og at dei tilsette kan ha ulik lesekompetanse.

Handsaming i utvalet:

Kommunedirektøren sitt framlegg vert samrøystes vedteke

#### **ADM - 013/23 - 05.10.2023 - Vedtak:**

*Administrasjonsutvalet tilrår at kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.*

#### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug orienterte om saka, jamfør saksutgreiinga.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for administrasjonsutvalet si tilråding til vedtak.

#### **KS - 097/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret ber kommunedirektøren utarbeide framlegg til arbeidsgjevarpolitikk for Austrheim kommune. Framlegg til ny arbeidsgjevarpolitikk vert lagt fram til politisk handsaming første halvår 2024.

---

#### **098/23: Val av kommunal representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur no! - 2023-2027**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant til representantskapet i Stiftinga

Kystkultur no! for perioden 2023-2027, med varaordfører som vara.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 098/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordfører Morten Sognnes som representant til representantskapet i Stiftinga Kystkultur no! for perioden 2023-2027, med varaordfører Per Lerøy som vara.

---

## **099/23: Val av politisk representant til Kommunal kriseleiing (KKL) - 2023-2027**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret vel ordfører som politisk representant i KKL for valperioden 2023-2027, med varaordfører som vara.

Kommunedirektøren peikar ut medlemmene som er frå administrasjonen, og justerer desse i perioden ved endringar i organisasjonen.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Renee Hansen Semmingsen (SL) spurte om ordfører skal vera med vidare i brannvernet, med tanke på at det kan komma i konflikt med rolla i KKL.

Reidar Øksnes (Sp) sa at ordfører må gå gjennom sine verv, slik at dette ikkje vert eit problem framover.

Morten Sognnes (H) sa at det er bra med mannskap til å steppa inn i brannvernet om det er møte i KKL.

Kommunedirektør Bjørnar Fjellhaug viste til at ordfører har si rolle som mediekontakt, resten er kommunedirektøren sitt ansvar.

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:  
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

### **KS - 099/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret vel ordfører Morten Sognnes som politisk representant i KKL for valperioden 2023-

2027, med varaordfører Per Lerøy som vara.

Kommunedirektøren peikar ut medlemmene som er frå administrasjonen, og justerer desse i perioden ved endringar i organisasjonen.

---

### **100/23: Val av representant i Regionrådet - 2023-2027**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordfører som representant i Regionrådet for perioden 2023-2027, med varaordfører som vara.

Kommunedirektøren stiller frå administrasjonen, og peikar ut vara for seg mellom kommunalsjefane.

### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

#### **KS - 100/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordfører Morten Sognes som representant i Regionrådet for perioden 2023-2027, med varaordfører Per Lerøy som vara.

Kommunedirektøren stiller frå administrasjonen, og peikar ut vara for seg mellom kommunalsjefane.

---

### **101/23: Val av representant til møte i Bergensalliansen - 2023-2027**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordfører som representant til møte i Bergensalliansen for perioden 2023-2027, med varaordfører som vara.

### **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordfører Morten Sognes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke

**KS - 101/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant til møte i Bergensalliansen for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som vara.

---

**102/23: Val av utsending til fylkesårsmøte i KS - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som utsending til fylkesårsmøta i KS den kommande perioden, med varaordførar som 1. vara, og **Namn Namnesen** som 2. vara.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Det kom framlegg i møtet på Aslak André Bakke (H) som 2. vara.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med Aslak André Bakke som 2. vara.

**KS - 102/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som utsending til fylkesårsmøta i KS den kommande perioden, med varaordførar Per Lerøy som 1. vara, og Aslak André Bakke (H) som 2. vara.

---

**103/23: Val av utsending til Landstinget til Nynorskkommunane/LNK - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som utsending til Landstinget til Nynorskkommunane/LNK - 2023-2027, med varaordførar som vara. Om det ikkje høver for nokon av desse, kan kommunedirektøren peika ut ein utsending.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 103/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som utsending til Landstinget til Nynorsk kommunane/LNK - 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som vara. Om det ikkje høver for nokon av desse, kan kommunedirektøren peika ut ein utsending.

---

**104/23: Val til representantskapet Bergen Havn AS - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant til representantskapet i Bergen Havn AS for perioden 2023-2027, med varaordførar som vara.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 104/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant til representantskapet i Bergen Havn AS for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som vara.

---

**105/23: Val til representantskapet i Eviny (tidlegare BKK) - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant til representantskapet i Eviny for perioden 2023-2027, med varaordførar som vara.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

**KS - 105/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant til representantskapet i Eviny for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som vara.

---

**106/23: Val til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar som 1. vara, og **Namn Namnesen** som 2. vara.

**26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Det kom framlegg i møtet på Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) som 2. vara.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke, med Bjørn Inge Dyrkolbotn (Sp) som 2. vara.

**KS - 106/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant til representantskapet i Vestlandsrevisjon IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som 1. vara, og Bjørn Inge Dyrkolbotn som 2. vara.

---

**107/23: Val til representantskapet Region Nordhordland Helsehus IKS - 2023-2027**

**Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant i representantskapet for Region Nordhordland Helsehus IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar som 1. vara, og **Namn Namnesen** som 2. vara.



## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Det kom framlegg i møtet på Ingeborg Lohne Hordvik (SL) / Monika Thorpe (Ap) som 2. vara

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg på representant og 1. vara vart samrøystes vedteke. Monika Thorpe vart vedteke som 2. vara med 12 røyster (Ap, H og INP) mot 4 for Ingeborg Lohne Hordvik (Sp og Renee Hansen Semmingsen frå SL). (Ingeborg Lohne Hordvik røysta ikkje).

### **KS - 107/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant i representantskapet for Region Nordhordland Helsehus IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som 1. vara, og Monika Thorpe som 2. vara.

---

## **108/23: Val til representantskapet Region Nordhordland IKS - 2023-2027**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar som representant i representantskapet for Region Nordhordland IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar som 1. vara, og **Namn Namnesen** som 2. vara.

## **26.10.2023 KOMMUNESTYRET**

Det kom framlegg i møtet på Ingeborg Lohne Hordvik (SL) som 2. vara

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, og Ingeborg Lohne Hordvik (SL) som 2. vara, vart samrøystes vedteke.

### **KS - 108/23 - 26.10.2023 - Vedtak:**

Kommunestyret i Austrheim vel ordførar Morten Sognnes som representant i representantskapet for Region Nordhordland IKS for perioden 2023-2027, med varaordførar Per Lerøy som 1. vara, og Ingeborg Lohne Hordvik som 2. vara.

---

## 109/23: Val av valutval

### Kommunedirektøren sitt framlegg:

#### Fast representant

Aslak André Bakke (H) *Leiar*

Ann Kristin Leirvåg (Ap) *Nestleiar*

Reidar Øksnes (Sp)

Frank Erik Øksnes (INP)

Renée Semmingsen (SL)

#### Personleg vararepresentant

Kristoffer Myklebusthaug (H)

Reidar Ulvøy (Ap)

Gro Kaland (Sp)

Kari Anne Fadnes (INP)

Tore Svendsen (SL)

### 26.10.2023 KOMMUNESTYRET

Ordfører Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i kommunestyret:

Felles framlegg til valutval vart samrøystes vedteke

### KS - 109/23 - 26.10.2023 - Vedtak:

#### Fast representant

Aslak André Bakke (H) *Leiar*

Ann Kristin Leirvåg (Ap) *Nestleiar*

Reidar Øksnes (Sp)

Frank Erik Øksnes (INP)

Renée Semmingsen (SL)

#### Personleg vararepresentant

Kristoffer Myklebusthaug (H)

Reidar Ulvøy (Ap)

Gro Kaland (Sp)

Kari Anne Fadnes (INP)

Tore Svendsen (SL)

---